

Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, MDG og V fram slikt forslag:

«Forslag (a):

Tilllegg punkt 1, andre setning: endre "2027" til "2025".

(Setninga blir då:

Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2025.)

Forslag (b):

Tillegg punkt 1, tredje kulepunkt. Ny setning i tillegg til eksisterande tekst. (Tillegget står i kursiv):

Fossilt drivstoff skal bytast ut med fossilfritt drivstoff innanfor eksisterande kontraktar, for å følgje opp Stortingets mål om tilnærma utsleppsfree kollektivtrafikk i 2025. Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).»

Gustav Bahus (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkestinget legger til grunn at tiltakene blir finansiert utan at det går ut over bilistene med bompenger.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Nytt 3. kulepunkt under punkt 1, erstattar første setning i 3. kulepunkt under punkt 1 i innstillinga frå fylkesutvalet:

Det er ei målsetting at fossilt drivstoff skal bytast ut med fossilfritt drivstoff innan 2025.

Biodrivstoffandelen vera på 40 % av berekraftig drivstoff innan 2030, men må sjåast i samanheng med tilgangen på berekraftig biodrivstoff.»

Bjørkly trekte forslaget sitt.

Røysting

Det var 52 representantar til stades.

Hammer sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 1, andre setning. Innstillinga punkt 1, første og andre kulepunkt samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag (b), tredje kulepunkt vart vedteke med 46 røyster mot 6 røyster (Frp) for innstillinga, tredje kulepunkt.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken med 45 røyster mot 7 røyster (Frp, R) for Bahus sitt forslag.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2025. CO₂-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:

- Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolleynettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
 - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsområde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
 - Fossilt drivstoff skal bytast ut med fossilfritt drivstoff innanfor eksisterande kontraktar, for å følgje opp Stortingets mål om tilnærma utsleppsfree kollektivtrafikk i 2025. Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.